



**BORE KYRKJE**  
SETT - FAMNA - UTFORDRA

## **Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 11. juni 2019**

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 39/19

Til saksnummer: 49/19

### **Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:**

Nicolai Homme (leiar)  
Arvid Kaspersen (nestleiar)  
Kjersti M. Berge  
Jens Kåre Stokka  
Hans Voll  
Dagfinn Steinnes (varamedlem)  
Borghild Friestad (varamedlem)  
Ivan Fjeld, sokneprest

### **Andre:**

Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

### **Meldt forfall:**

Marit Høie er i permisjon.

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 11. juni vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 14. mai vart godkjend.

## **SAK 39/19**

### **Samtale om arbeidet**

#### **Drøfting**

Alphakurs kan rekruttera folk til nye til husfellesskapsgrupper og det er ønskjeleg. Det er viktig at eit nytt kurs vert fundamentert i menigheten og at Ivan får med seg fleire frivillige i undervisning og gjennomføring. Det er svært nødvendig at eit nytt kurs rettar seg mot dei unge i menigheten, gjerne i samråd med enkelte husfellesskap.

#### **Forslag til vedtak**

Bore sokneråd ønskjer eit nytt Alphakurs i Bore menighet våren 2020.

#### **Vedtak**

Bore sokneråd ønskjer eit nytt Alphakurs i Bore menighet våren 2020. Førespurnad om interesse vil bli gjort i nokre husfellesskapsgrupper og sak blir teken opp att i septembermøtet.

## **SAK 40/19**

### **Saker til/frå fellesrådet**

#### **Drøfting**

Det er ønskjeleg at referata frå fellesrådet går ut til sokna. Dette vil gå via dagleg leiar. Møtedatoar mellom dei fire sokna og fellesrådet er ikkje lette å koordinera.

#### **Forslag til vedtak**

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

#### **Vedtak**

Referata frå fellesrådet vil gå ut til soknerådsmedlemmane med utheting av det som gjeld soknet vårt. Bore sine medlemmar i fellesrådet samhandlar med dagleg leiar.

## **SAK 41/19**

### **Organiststillinga**

#### **Drøfting**

Dagleg leiar gjorde greie for prosessen omkring intervju og orienterte om innstillinga.

#### **Forslag til vedtak**

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

#### **Vedtak**

Soknerådet er nøgd med prosessen og stiller seg bak innstillinga. Dersom det blir ei uavklaring i tilsetjing, vil soknet drøfta saka før fellesrådet tek si avgjer.

**SAK 42/19****Samling hos prosten****Drøfting**

Kjekt å vera hos prosten. Forskjellige utfordringar og gleder i dei ulike menighetane. Bore fekk formidla at det er kjekt å kunne arbeida med forskjellige forsamlingar i bygda. Andre er ikkje så heldige. Utfordringa vår er heilt klart at me ikkje har plass til å husa alle aktivitetane me har.

**Forslag til vedtak**

Soknerådet tek saka til orientering.

**Vedtak**

Soknerådet tek saka til orientering.

**SAK 43/19****Samtale med grupper av frivillige****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Soknerådet seier seg nøgd med måten frivilligsamlingane vert gjennomført på og ønskjer at dette skal omfatta flest mogleg frivillige i Bore menighet.

**Vedtak**

Soknerådet seier seg nøgd med måten frivilligsamlingane vert gjennomført på og ønskjer at dette skal omfatta flest mogleg frivillige i Bore menighet.

**SAK 44/19****Status weekendkomité****Drøfting**

Det er nå 7 stk i weekendkomitéen, inkludert Ivan. Tema er sett og fokus er å få med alle generasjonar. Det vil vera eit særskilt ønskje om å få med «dei over 50» som ikkje er småbarnsfamiliar lenger.

**Forslag til vedtak**

Soknerådet er glad for at weekendkomitéen er i gang med arbeidet.

**Vedtak**

Soknerådet er glad for at weekendkomitéen er i gang med arbeidet

**SAK 45/19****Soknerådsvalet informasjon/status****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Soknerådet seier seg nøgd med orientering om plan for gjennomføring av valet.

**Vedtak**

Soknerådet seier seg nøgd med orientering om plan for gjennomføring av valet.

**SAK 46/19      Bilete i Bore – skjermløysing i kyrkja**

**Drøfting** Atea måtte melda forfall og saka vert utsett til augustmøtet.

**Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

**Vedtak** Saka er utsett til augustmøtet.

**SAK 47/19      Endring av offer 2. juni****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Offeret 2. juni blir endra frå kyrkjelydsarbeidet til gåve til bønnehuset i Nazareth.

**Vedtak** Offeret 2. juni blir endra frå kyrkjelydsarbeidet til gåve til bønnehuset i Nazareth

**SAK 48/19      Evaluering 2. juni – besøk frå Nazareth**

**Drøfting** Soknerådet tok seg god tid til samtale omkring besøket av Rania Sayegh. Besøket gjorde inntrykk på alle og det kom fram forskjellige opplevingar:

- Godt å kjenna på full fridom i tilbeding og bønn.
- Løfte om vekkelse knytta til det å stå saman i bøn.
- Mykje folk frå ulike menigheter i området vårt.
- Flott musikk og usedvanleg flott salmesong, avgjerande med forsongarar.
- Talane hennar var for mange ei god oppleving. God oversetjing.
- Fint at medlemmane i forbørnenestenesta var virksame. Mange gjekk til forbøn og salving.
- Det virkar som gudstenesta traff menigheten godt.
- Nyttig og inspirerande å invitera gjestetalarar.
- Bibelvers til Bore menighet frå Rania: Matt.16. 18-19.(Fin bekreftelse av Botes sin profeti – «røst, ikkje ekko»)

---

- Gudstenesta vart ikkje heilt som tenkt når konseptet «forbønsgudstenste» vart skapt.
- Mykje fokus på eigne aktivitetar og innsats, Guds allmakt og helbredande kraft vart ikkje tilstrekkeleg løfta opp.
- Uvant form og innhald, ulikt det me er vane med.
- Forkynninga peika ikkje nok mot forbønstillbodet.

<b>Forslag til vedtak</b>	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
<b>Vedtak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Soknerådet hadde ei god gjennomgang av besøket av Rania.. Det blir viktig for oss framover å ha menighetsbyggande aspekt ved invitasjon av gjestetalarar. Ny forbønsgudsteneste kan bli sett opp neste vår med større fokus på helbredelse, også i forkynninga.</li> </ul>

## **SAK 49/19                    ORIENTERINGSSAKER**

<b>Drøfting</b>	Orienteringssakene blei lagt fram.
<b>Forslag til vedtak</b>	
<b>Vedtak</b>	Soknerådet tar saka til orientering

## **EVENTUELTT**

Nasjonalt Bønneråd skal ha ei årleg helgesamling i vårt distrikt. Det har ikkje lukkast dei å finna lokalar. Bore sokneråd gir dei løyve til å leia kyrkjestova laurdag 7. september om dagen og kyrkja om kvelden. Legetakar kontaktar fellesrådet (Klepp kyrkjecontor) for det praktiske.

Bore sokneråd har hatt ønskje om å arrangera samlivskurs. Fokus menighet på Klepp skal gå i gang med kurs til hausten og Bore sokneråd vil oppmoda våre medlemmar om å melda seg på der.

Roy Godwin kjem til Noreg i oktober. Det er planar om at han kan starta sin turné hos oss i Bore kyrkje, 11. oktober.